



Bjørg Sjøtun Iden
Ievegen 133
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3405 - 14/12096

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
14.08.2014

Førespurnad om bruk av gbnr. 34/7 i Meland kommune

Meland kommune si byggjesaksavdeling er gjort merksam på at det skal vere satt i verk byggjetiltak på gbnr. 34/7 – i form av kai eller utlagd flytebrygge ved Bjørndalsvatnet – utan at kommunen kan sjå å ha motteke søknad eller godkjent eit slikt tiltak.

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1, med mindre tiltaket er omfatta av unntaksføresegnene i pbl. §§ 20-3 eller 20-4. For flytebrygger følger søknadsplikta av § 20-1 bokstav a («konstruksjon eller anlegg»).

Etablering av flytebrygge må i utgangspunktet omsøkjast, prosjekterast og utførast i samsvar med pbl. § 20-1 andre ledd, men ved etablering av brygge på eigen eigedom og til eige bruk kan tiltakshavar sjølv søke om tiltaket med heimel i pbl. § 20-2.

Dersom opplysningane Meland kommune har motteke om påstått flytebrygge på gbnr. 34/7 er riktige, er tiltaket truleg avhengig av søknad og byggjeløyve, jf. pbl. § 20-1.

Ein føresetnad for eit eventuelt byggjeløyve er at tiltaket ikkje kjem i strid med gjeldande lov- og plangrunnlag. Administrasjonen gjer dertil merksam på at gbnr. 34/7 ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF), og kor det gjeld eit generelt forbod mot andre byggjetiltak enn kva som er naudsynt av omsyn til stadbunden næring. Vidare inneheld KPA sine planføresegner eit generelt forbod mot byggjetiltak nærmare Bjørndalsvatnet enn 100m. Eit eventuelt byggjeløyvet i dette området er dermed avhengig av enten at KPA vert endra, at området vert regulert eller at det vert omsøkt og gitt naudsynt dispensasjon frå dei nemnde byggjeforboda i KPA.

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje vore på synfaring på staden eller teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 34/7, og ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er utført tiltak på eigedom som skildra over. Om slikt tiltak er utført, ber administrasjonen i tillegg om ei utgreiing om utførte arbeider (plassering,

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

storleik m.v.).

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven har kommunen ei plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding vert sett til 4.9.2014.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.